



PBL Private Barnehagers Landsforbund  
Lasse Jensen  
Prinsensgt 91  
8003 BODØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1867 - 15/23471

Saksbehandlar:  
Janne Sund  
Janne.Sund@lindas.kommune.no

Dato:  
25.06.2015

## Klage på vedtak om etterjustering av tilskot 2014

Solhaugen barnehage, Seim barnehage Sa, Natås barnehage, Trollskogen barnehage, Alversund Montesorri barnehage, Knarvik barnehage AS, Hundvin Naturbarnehage AS, Nordhordland barnehage og Kløvheim barnehage har (gjennom PBL) klaget vedtaket om etterjustering av tilskotet for 2014 i brev av 19.mai 2015.

Vedtaket er påklaga med bakgrunn i følgjande punkter:

### Kommunal aktivitet

PLB spør om årsaken til at det er nytta eit høgare antal barn pr 15.12.2013 i tilskotsberekninga enn det som er rapportert til Basil på samme tidspunkt.

### Lindås kommune sitt svar:

Dei kommunale barnehagane i Lindås kommune har born som startar i barnehagen frå 1.1.2014. Det er tatt omsyn til desse borna for å finne den kommunale aktiviteten i løpet av 2014. Kommunen skal berekne det faktiske forbruket per heiltidsplass nytta i samband med avrekninga, jf merknadene til forskrift om likeverdig behandling § 8, 3. ledd.

### Fondsmidler

PBL stiller spørsmål ved at artane 15401,15500 og 19500 ikkje skal inngå i berekningsgrunnlaget.

### Lindås kommune sitt svar:

Vi viser til Rundskriv Udir 6-2013 kommentar til § 4 i forskriften:

«Enkelte driftskostnader dekkes helt eller delvis av refusjonsordninger og kostnadsreduksjoner som er direkte tilknyttet disse. Eksempler på dette er refusjon for sykepenger og bruk av premiefond vedrørende pensjon. Dersom refusjonsordningen eller kostnadsreduksjonen er direkte tilknyttet driftskostnaden, skal denne trekkes fra driftskostnadene, før administrasjonspåslaget beregnes.»

Under fondsmidler (totalt kr 217 360) inngår følgjande:

- Matpenger (utgjør kr 26 596,00)
- Trivselspenger (Utgjør kr 19 892,21)
- Midlar frå NAV (Utgjør kr 126 854,11)



- Kursmidlar (Utgjer kr 38 660,00)
- Øvingslærer (Utgjer kr 59 312,34)
- Gåver (utgjær kr 4 046,00)
- Møblar (kostnadsført - utgjær kr 58 000,00)

### Matpenger

I avrekninga har Lindås kommune nytta prisen for matpenger i løpet av året og gjennomsnittleg barnetall i staden for reell foreldrebetaling. Når dei kommunale barnehagane kjem ut med eit overskot på matpenger, vert overskotet overført til neste år til bruk i barnehagen. Dette har vore tilfelle i 2014. I samband med rekneskapsavslutninga vert overskot på matpenger avsett til eit bunde fond som vert inntektsført neste rekneskapsår. Når ein ser postane på reell foreldrebetaling, overføring til neste år og overføring frå tidlegare år samt utgifter til mat i barnehagane saman, skal resultatet vere eit nullspill.

### Trivselspengar

Tidlegare trivselspengar som barnehagane tok inn saman med foreldrebetalinga. Ordninga opphørte frå nokre år sidan, men midlane har ikkje vore brukt opp før no. Midlane vert brukt til ulike tiltak for barnegruppa i barnehagen og i løpet av 2014 har dei kommunale barnehagane brukt kr 19 892. Utgifter til dette er ikkje kostnader til ordinær barnehagedrift og skal ikkje vere med i grunnlaget for tilskot. Ved å ta hensyn til art 15500 og art 19500 vedrørande trivselspengar har ikkje dette noko effekt på tilskotet til dei private barnehagane.

### Midlar frå NAV

Dei kommunale barnehagane har fått midlar til både språkpraksis og arbeidspraksis frå NAV. I tillegg har dei motteke midlar for tilrettelegging for tilsette og personalgruppa.

Per.	Bilag	Tekst	Beløp	Mva	Art	Ansvar	Teneste	Aktivitet	Formål med midlane
2	30542	NAV TILTAK FRÅ 2013	-9 290,91	110	19500	371	2010	O383	Tilrettelegging for delvis sjukemeldt eller personal på arb.utprøving
2	30542	NAV TILTAK FRÅ 2013	-26 203,00	110	19500	371	2010	O383	Tilrettelegging for delvis sjukemeldt eller personal på arb.utprøving
2	30542	NAV TILTAK FRÅ 2013	-78 018,20	110	19500	383	2010	O383	NAV prosjekt for å redusere sjukefråvær
2	30542	NAV TILTAK FRÅ 2013	-13 342,00	110	19500	383	2010	O383	Tilrettelegging for delvis sjukemeldt eller personal på arb.utprøving
		Sum	-126 854,11						

Når midlar kjem inn seint på året, er det ikkje alltid tiltaka er sett i verk, og midlane vert då overført til neste år. Midlane er mottatt frå NAV etter søknad frå barnehagen. Dette er ein ordning forvalta av NAV som alle bedrifter, både offentlege og private, med dokumentert høgt sjukefråvær kan søkje på. I 2014 er kr 78 018 brukt på tiltak som auka vikarbruk for å hindre nye langtidsfråvær i dei personalgruppene med høgast fråversbelastning. Desse avdelingane har tatt inn vikar på eit tidlegare tidspunkt enn ved normal drift.

Utover dette er totalt kr 48 836 nytta til tilrettelegging for delvis sjukemeldte og arbeidsutprøving gjennom NAV.

### Kursmidlar:

Dei kommunale barnehagane fekk midlar frå Fylkesmannen til kurs for assistentar i 2013, utan at dei vart trekt frå grunnlaget ved avrekninga av tilskot til private barnehagar i 2013. Ein gjennomgang viser at utgiftene vart belasta rekneskapen i 2013, og at det derfor ikkje er anledning til å trekke desse midlane frå grunnlaget for avrekninga i 2014.

Øvingslærer:

Kommunen har i fleire år fått midlar frå NLA for øvingslærer, noko som i utgangspunktet er ein refusjon på lik linje med sjukepengar. Denne type refusjon skal trekkast i frå driftskostnadene. Ein gjennomgang av alle postane viser imidlertid at det er trekt i frå kr 51 377 i 2014 som gjeld tidligare års refusjonar, og skal dermed ikkje trekkast i frå driftskostnadane.

Gåver:

Premiering etter konkurransen «Rein hand» som alle dei private og kommunale barnehagane hadde høve til å delta på i 2013. Midlane vart først nytta i 2014.

Konklusjon:

Lindås kommune gjer barnehagane medhald i at midlar knytt til kursmidlar og øvingslærer skal inngå i grunnlaget ved avrekning av tilskot til dei private barnehagane i 2014. Dette utgjer i sum kr 90 037.

Lindås kommune opprettheld sitt vedtak på dei andre punkta i klagen, og sender med dette saka til Fylkesmannen for endeleg behandling.

Lindås kommune gjer ikkje korrigeringar i avrekninga for 2014 før saka er behandla hos Fylkesmannen.

Vedlegg: Klage frå PBL av 19.05.2015

Kopi til: PBL og Solhaugen barnehage, Seim barnehage Sa, Natås barnehage, Trollskogen barnehage, Alversund Montessorri barnehage, Knarvik barnehage AS, Hundvin Naturbarnehage AS, Nordhordland barnehage og Kløvheim barnehage

Med helsing

Janne Sund  
Økonomisjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Klage på vedtak om etterjustering av tilskot 2014

**Kopi til:**  
Janne Sund

**Mottakarar:**

PBL Private Barnehagers

Prinsensgt 91

8003

BODØ

Landsforbund

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen